


Vedlegg I, A

Ulset, 22.okt.2006.



MELAND KOMMUNE
Komm.avd. for natur, næring og tekniske tenester
5918 FREKHAUG.

OM REGULERINGSPLAN FOR M.A. VIKEBØ.

Me viser til konferanse den 6. oktober i år.
Me nemnde då m.a. at me er interessert i å få vurdert deler av eigedomen vår gnr.45
bnr.16 som bustadområde/hytteområde.

Me har sett nærare på dette, og sender vedlagt kart der me har markert med raudt dei
områda som me kunne tenkja oss vert teke med i reguleringsplanen som
bustadområde/hytteområde. Områda er merkt med I, II og III

Som me nemnde har me tenkt at dotter vår Sissel Lillebø skulle ha tomten merkt I.

Me har sjølvsagt ikkje drege opp nøyaktige grenser. Me har berre synt i grove trekk kva
område me meier kunne vera aktuelt bustadland.

Me burde truleg meldt frå om dette tidlegare. Men det var etter at me hadde tenkt over
saka på nytt lag og drøfta det med familien, at me har kome til ovanemnde. Me vonar at
kommunen vil ta omsyn til våre ønskemål.

H e l s i n g

Liv Skurtveit
Liv Skurtveit

Rasmus Skurtveit
Rasmus Skurtveit